



## ÅRSMELDING 2022

### VALLDAL IDRETTSLAG

#### Styret 2022

- |                         |                                 |
|-------------------------|---------------------------------|
| • Turid Engeseth Løvoll | leiar                           |
| • Odd Lennart Vikene    | nestleiar                       |
| • Lars Petter Hauge     | kasserar                        |
| • Monika Høydal Lingaas | skrivar                         |
| • Johnny Gjerde         | styremedlem, ansvarleg klubbhus |
| • Børge Heggen Johansen | styremedlem                     |
| • Magne Eivind Glomnes  | leiar friidrett/trim            |
| • Jan Ole Fuglem        | leiar ski                       |
| • Richard Moen          | leiar disk sport                |
| • Liv Marit Indreeide   | 1. varamedlem                   |

I samband med at leiar for fotball trakk seg frå vervet rykte 1. vara Børge Heggen Johansen opp som fast medlem i styret. Dette er slik regelverket er, etter rådføring med idrettskretsen. For å ha fotball representert har leiar for fotball møtt på styremøta.

I 2022 var eit normalår med tanke på moglegheit for aktivitet.

#### Årsmøte - styrearbeid

Det har vore gjennomført 8 styremøte i 2022 med totalt 73 saker på saklista. Alle styremøte har vore gjennomført på klubbhuset. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter vanlegvis på styremøte.

Årsmøte for 2021 vart gjennomført i april 2022 på klubbhuset. Det lukkast ikkje valnemnda å finne ny leiar og det vart halde forsetjande årsmøte

Valldal II har fått ny heimeside, utarbeidd av Audun Skjervøy og han har hatt gjennomgang av funksjonane av sida med delar av styret.

#### Medlemmar

I 2022 var det 261 betalande medlemmar. Tendens over tid er synkande, men det synes å ha snudd og det var ein bra auke frå 2021 til 2022. Det er ikkje mange år sidan medlemstalet var godt over 300.

Det har vore sett fokus på å gå gjennom medlemslistene og syte for at dei som er aktive har betalt medlemskontingent for 2022. Det er framleis ei utfordring å få automatikk i at foreldre/føresette melder seg inn saman med barn/barna.

Det skal ikkje vere aktive i idrettslaget som ikkje betalar medlemskontingent. Konsekvensen, Jf. vedtekten, må vere at dei som ikkje betalar får sletta medlemskapet og ikkje kan delta på organiserte aktivitetar som idrettslaget tilbyr.



Laget brukar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingen og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretak laget også krava om personvern ved registering og handtering av medlemsopplysningar. For nokre medlemmar kan det vere ein ”terskel” å bruke MinIdrett, men det er fullt mogeleg å tilpasse og avtale utsending av medlemsfaktura og framleis vere innanfor regelverket.

Valldal idrettslag har fem æresmedlemmar; Inger Aufles, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel.

### **Representasjon**

Valldal IL har delteke i dialogmøte for frivillige lag i Fjord kommune.

På årsmøte i Fjord idrettsråd møtte Odd Lennart Vikene og Turid Engeseth Løvoll.  
Einar Hoel er leiar i idrettsrådet

### **Bygg og anlegg**

I 2022 har det ikkje vore utført store arbeid med anlegg og utbygging. Det meste har dreia seg om drift og vedlikehald.

#### **Anlegg for ski og skiskyting**

Arbeidet med realisering av nytt skiskyteranlegg på Grønningsæter/Høghjelle held fram.  
Arbeidet har fått god og stor oppslutning.

#### **Kunstgrasbana**

Vidare er det viktig å halde jamt tilsyn og vedlikehald med bana.

#### **Klubbhuset**

Styret vedtok hausten 2021 renovering av garderober og gangen i kjellar. Gangane og dørene i kjellar er ferdig måla i 2022. Hausten 2022 vart det sett inn ny varmepumpe i kjellaren.  
Ressursgruppa har måla grunnmurane.

#### **Hjartestartar**

Valldal idrettslag søkte Valldal Helselag om støtte til å kjøpe varmeskap til hjartestartaren. Vi fekk kr 7000 og hjartestartaren er no plassert ved inngangen på Nordsida av klubbhuset. Den er registrert i hjartestartarregisteret.

#### **Hoppbakkar på Myklebust**

Metall og diverse vart fjerna frå hoppbakken våren 2022. Ein fekk ikkje tatt bort treverk då ein treng maskin og grunneigar sette ut dyr på område. Hausten var prega av mykje nedbør som vanskeleggjorde resterande arbeid. Resterande arbeid bør prioriterast å få fullført i 2023.

#### **Valldal stadion**

På årsmøtet 2021 vart det vedteke å starte arbeid med utgreiing av fast dekke frå friidrettsdelen på Valldal stadion. Dette har diverre heller ikkje i 2022 kome i gang.

#### **Ressursgruppa**



Gruppa har også i 2022 utført diverse oppgåver ved klubbhuset og på stadion. Det er viktig at denne gruppa får ulike oppdrag dei kan utføre utifrå talet på personar som er tilgjengelege. Valldal IL takkar så mykje ressursgruppa for arbeid som vart gjort i 2022.

#### Stiar og råser i Valldal

Valldal idrettslag har avtale med kommunen om skilting og rydding av råser i bygda. I dette arbeidet ligg det også å utarbeide ein skiltplan. Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe som så vidt starta arbeide i 2021 og som må arbeide vidare i 2022.

#### Allidrett

Allidrett, har funne stad x 1 pr veke sidan hausten 2022. Det er framleis midlar frå tilskot frå Sparebanken Møre til formålet som har vore nytte til å betale unge instruktørar. Tre elevar frå idrettslinja på Stranda vgs har teke seg av instruksjon og leiing. Dagleg leiar i idrettslaget har administrert. I tillegg har dei ulike gruppene vore med organisert aktivitetar innanfor sin idrett. Om lag 21 barn i alderen 6-9 år melde seg på. Talet har variert, men oppslutninga har jamt over vore bra.

#### Tilsette

Olav Løvoll er tilsett som dagleg leiar i 30 % stilling. Dette er ei stilling som skal avlaste styret og også gruppestyrer med ein del oppgåver og vere med å utvikle Valldal idrettslag. Astrid Dale er tilsett som reinhaldar på klubbhuset. Anders Rem utfører ein del førefallande arbeid på klubbhuset.

Det var lønna personar for vedlikehald og stell av kunstgras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

#### Arrangement

**Bygdafesten** på Martin Linge Huset vart igjen arrangert i 2022 og Valldal idrettslag stilte med 17 personar til ulike oppgåver.

**Marknad** vart halde 23.april. Dette var ein finevers laurdag og det var dessverre dårlig oppmøte på markanden.

**Mefjellet opp** vart arrangert i juni med langt færre deltakararenn tidlegare år.

**Olsokarrangementet** vart 2022 arrangert ved at lag og organisasjonar vart inviterte inn til å delta i arrangementet. Valldal Lions-club, Valldal Hornmusikklag, Valldal Bygdekvinneklag og Valldal Helselag var medarrangørar, der dei ulike laga hadde ansvar for ein aktivitet kvar. Laga fekk inntekter av eigen aktivitet. Mosjonsløpa vart gjennomført med Minidilten og Jordbærdilten på programmet. Start og innkomst var lagt til Rådhusmarka. Løpet gjekk som planlagd og arrangørstaben vart fornøgd med dagen.

Sponsorinntekter og loddinntekter var felles inntekt og delt likt mellom laga.



## Økonomi

Samla rekneskap for 2022 viser eit negativt resultat på 190 390. Dette er om lag som vedteke budsjett for året. Hovudlaget hadde eit ei underskot på 101 759 kr. Det er ulike grunnar til det.

- ✓ Noko av utgiftene til rehabilitering av garderobane vart utgiftsført på 2022.
- ✓ Monteringa v varmepumpe i kjellaren.
- ✓ Mindre inntekter av sommararrangement pga ny organisasjonsmodell.
- ✓ Mefjellet opp hadde færre deltagarar.
- ✓ Hovudlaget kjøpte inn sokkar for kr 30 000 som gruppene skulle selge. Inntekt av sal har tilfalle gruppene.
- ✓ Høgare straumutgifter, spesielt i desember.
- ✓ Ikkje kompensasjonsordning for bortfall av inntekter. (Korona)

Det har vore gode faste inntekter frå kulturmidlar Fjord kommune, Grasrotandelen frå Norsk Tipping, lokale aktivitetsmidlar, mva kompensasjon i 2022. I tillegg er det gode inntekter frå sponsorar og støttespelarar og leigeinntekt på klubbhuset tok seg også litt opp i 2022.

Samla inneståande på konto og i kasse pr 31.12.22 var om lag 2,3 mill kr. Av dette utgjer gavekonto til nytt anlegg på Grønningsæter/Høghjelle 611 276 kr.

For detaljar til balanse og driftsrekneskap vert det vist til rekneskapen for 2022.

Vi vil takke alle som støtta og hjelpt Valldal Idrettslag også i 2022. Mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om å bidra. Det er også stor grunn til å takke alle som tek på seg verv, leiarar og trenrarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.



## ÅRSMELDING 2022 VALLDAL IL DISKSPORT

### Styret

- Richard Moen (leiar)
- Terese Jemtegård Moen (kasserar)
- Bjarte Grønningsæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)
- Linda Frostad Lødøen (styremedlem)

### Styrearbeid

Styret har hatt to møter i 2022; 11. mars og 15. september.

### Tal på medlemmar og aldersfordeling

Gruppa har 22 registrerte medlemmar, fordelt på sju kvinner og 15 menn. Vi har to personar i alderen 13-19 år, fire i alderen 20-25 år og 16 i alderen 26 år og oppover.

### Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Klubben eig 18 utkastskilt, tre faste korger, to flyttbare korger og tre utkast. Vi har også eit dobbeltskap på Martin Linge-huset med fangnett, radar fartsmålar og 29 diskar. I tillegg har vi også ei ryddesag og ei teleskopisk greinsaks. I forkant av Jemtegård Open hadde vi ein felles dugnad på frisbeegolfbana, men elles har vi jobba individuelt eller i smågrupper.

### Arrangement

Vi har gjennomført Vekas runde (25 gongar), Søndagsrunden (20 gongar), Vårslepp, Jemtegård Open og klubbmeisterskap. Det var 43 deltagarar på Vårslepp og 63 deltagarar på Jemtegård Open. Klubbmeisterskapet var den offisielle avslutninga på sesongen, med brus og pizza til både deltagarar og familie.

### Aktivitet, trening, konkurransar

Det har vore mykje aktivitet på bana gjennom sesongen, til tross for ein del vått føre. Om vinteren har vi trenat putt og nærspel i Martin Linge-hallen.

### Resultat

Eirik Lødøen vann også i år Vekas runde og Søndagsrunden. Terese Jemtegård Moen og Eirik blei klubbmeistrar for kvar sin klasse.

### Økonomi

Nord-Vest Revisjon AS sponsa oss med totalt 15.000 kroner. Mykje av desse pengane gjekk til Jemtegård Open og Vårslepp, men ein del gjekk også til innkjøp av bensin og utstyr. Så fekk dei skiltreklame. Muritunet har sponsa Jemtegård Open og fått reklame på skilt for 2000 kr. Sparebanken Møre har sponsa Jemtegård Open og fått reklame på skilt for 5000 kr.



Gruppa hadde per 31.12.21 inneståande på konto 37.682,01 kroner. Vi har hatt kostnadar på 46.050,00 kroner og inntekter på 54.696,00 kroner. Dette gjev eit overskot på 8.646,00 kroner. Vi har per 31.12.22 inneståande på konto 34.641,97 kroner.

Valldal 02.03.23



## Aktivitet, trening, konkurransar

Vi har trena måndagar inne i hallen om vinteren, så fremt det ikkje har vore restriksjonar grunna covid. Måndagstreningane la vi på hylla då utesesongen starta. Det er fleire og fleire tilreisande som er innom og prøvar bana vår. Dei vanlege arrangementa blei gjennomført som før.

## Resultat

Eirik Lødøen vann storeslem; Vekas runde, Søndagsrunden og klubbmeisterskapet. Linda Lødøen blei klubbmeister for damer. Elles hadde vi ingen som deltok på Norgescup eller NM denne gongen. Vi var fire som var med på PCS Sula Open utan at nokon kom topp 30. Sander Lødøen har vore den ivrigaste med flest turneringar. Han har også fått prøve seg i turneringar i USA, saman med nokre av dei beste i verda.

## Økonomi

Nord-Vest Revisjon AS sponsa oss med totalt 15.000 kroner. Mykje av desse pengane gjekk til Jemtegård Open og Vårslepp, men ein del gjekk også til innkjøp av bensin og utstyr. Vi søkte og fekk støtte frå Sparebanken Møre på 5.000 kroner til Vårslepp og Jemtegård Open. I tillegg har vi starta med skiltsponsing.

Gruppa hadde per 31.12.20 inneståande på konto 18.076,65 kroner. Vi har hatt kostnadar på 37.766,85 kroner og inntekter på 57.328,00 kroner. Dette gjev eit overskot på 19.561,15 kroner. Vi har per 31.12.21 inneståande på konto 37.682,01 kroner.

Valldal 11.03.22



## ÅRSMELDING 2022 VALLDAL IL - FOTBALL

### Styre

Mari Lilleås Johansen, styremedlem  
Tanja Mari Brevik, styremedlem frå september  
Jacek Wilczura, styremedlem  
Frode Myren Døving, nestleiar og sekretær  
Remi Uri Landsnes, leiar april-juni  
Peder Iver Linge, kasserar og leiar frå september

Trenarkordinatør- Odd Lennart Vikene  
Dommaransvarleg - Anders Rem  
Baneansvarleg – Anders Rem  
Kiosk,drakt og utstyr – Mari Lilleås Johansen  
Dugnadsansvarleg – Jacek Wilczura  
Fair Play ansvarlig -

### Styrearbeid

8 styremøter og 1 lagleiarmøte  
En frå styret har møtt i hovudstyremøter  
Saker som styret har jobba med

- Trenarkabal
- Styreroller
- Arbeidsplan
- Stadionreklame
- Påmelding
- Fiks
- Støtte til lag på cupar/turnering
- Boder til garasje
- Drakter og utstyr

### Tal på aktive,

Det var ca 70 aktive barn og ungdom. 6 aktive lag og 11 trenarar. I tillegg har ein del herrar og damer trent meir eller mindre regelmessig

Det var nedgang i antal aktive under koronaperioden. For å gjøre terskelen så lav som mogleg for å delta på fotball, vedtok styret å ikkje kreve inn treningsavgift for 2022.

### Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald –

Dugnadsoppgåver har vore fordelt til laga.

Kiosken har vore open på heimekamper.

Det var kjøpt inn ein del nye drakter før sesong og meir før årslutt. Sponsorpakken vart benytta.



### **Aktivitet, trening, konkurransar**

G/J 7 og G9 deltok på miniturneringar

J11, J13, G 13/14 deltok i seriespel.

J13 og G13/14 deltok også på Seljecup

G13/14 er med i futsalserien

Alle laga har hatt faste treningstider på ML huset og KGB

Ei gruppe damer har trent og «herrelaget» har hatt treningar

### **Økonomi**

Regnskapet for 2022 viser eit underskudd på kr 34428,- . Av dette er kr 10940 lagskontingent for 2021 som ikkje vart ført i regnskapet i 2021. Dvs at det reelle driftsresultat for 2022 viser eit underskudd på kr 23488. Budsjettet for 2022 var eit nullresultat, med budsjettet inntekt på kr 30000 på treningsavgifter. Saldo på konto var 31.1.2023 kr 614 771,-



## ÅRSMELDING 2022 FRIIDRETT OG TRIM

### Styre:

Magne Eivind Glomnes, leiar  
Vibeke Valdal Myeza, nestleiar  
Jacek Wilczura, styremedlem  
Jürg Barthel, kasserar  
Øyvor Grue Berdal, styremedlem  
Anne Merete Øybrekken, styremedlem

Anne Mette Rem har vore varamedlem.

### Styrearbeid:

Det har vore to styremøter i 2022, elles har det vore kontakt via messenger.

### Tal på aktive, aldersfordeling

Talet på aktive deltarar er relativt stabilt. Det er særleg god oppslutning i dei yngste klassane på friidrettscupen. Totalt var det 42 som har delteke på meir enn tre arrangement i løpet av sesongen, men fleire har deltatt på eitt eller to arrangement. Elles er det nokre aktive som har delteke i konkurransar utanfor kommunen i 2022. På trimarrangement og fjelltrimmen har det vore litt mindre oppslutning enn tidlegare.

### Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Det har ikkje vore gjort noko i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2022.

### Arrangement:

Sykkeltrimmen vart gjennomført 1. mai med god oppslutning, totalt 131 deltarar. Same dato vart også fjelltrimmen satt i gang med 24 ulike turmål. Berre 26 vaksne og 13 born var med på samanlagtpremiering. Her opplever vi at fleire registrerer seg i Georeg utan å kjøpe trimkort, og det synest vi er beklageleg.

Friidrettscupen vart gjennomført med fire cupar på heimebane. 42 personar fekk samanlagtpremie for deltaking i minst tre cupar. 34 vaksne og 11 born deltok på ribbemarsjen 29. desember.

Mefjellet opp vart arrangert 26. juni med langt mindre deltaking enn tidlegare år. Dette var også tilfelle i trimklassen sjølv om ein også dette året kunne registrere deltaking heile veka på førehand. Jordbærdilten og minidilten vart arrangert 30. juli med start og mål på rådhusmarka. Desse arrangementa er det heile idrettslaget som står bak.

### Aktivitet, trening, konkurransar – og resultat



Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2022. Nokre løparar har delteke på konkurransar på landeveg, terreng eller motbakke.

**Økonomi:**

Rekneskapen viser eit overskot på litt over kr. 2000 i 2022.

Kretskontingent, premiar og utstyr utgjer utgiftene. Startkontingent og inntekt frå olsok gjer at det er overskot.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på ulike arrangement og turmål i 2023.

Valldal 13. mars 2023

Friidrett og trim, styret

Magne Eivind Glomnes, Vibeke Valdal Myeza, Jacek Wilczura, Jürg Barthel,  
Øyvor Grue Berdal, Anne Merete Øybrekken

## **ÅRSMELDING Valldal il ski 2022**

### **Styret har bestått av**

Leiar Jan Ole Fuglem  
Nestleiar Anne Gry Myklebust  
Kasserer Geir Arne Myren  
Styremedlem, Terje Nerhus  
Styremedlem Ragnhild Bjørstad Vikene  
1 Vara Per Jomar Nerli ( møter fast)  
2 Vara Hans Martin Gjedrem

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

### **Trakkemaskingruppe**

Terje Hoel  
Fridjon Døving  
Anders Nystuen Valldal  
Aksel Indreide  
Christopher Schonefeld  
Lars Petter Hauge

### **Skikafe/premienemnd**

Anne Gry Myklebust Vestre  
Ragnhild Bjørstad Vikene

### **Treningsnemnd (langrenn/skiskyting)**

Per Jomar Nerli  
Anne Gry Myklebust Vestre  
Tina Fuglem  
Jan Ole Fuglem

### **Anleggsnemnd skiskyting**

Jan Ole Fuglem  
Per Jomar Nerli  
Hans Martin Gjedrem  
Anne Gry Myklebust  
Olav Løvold

### **Programbladnemnd**

Per Jomar Nerli  
Linda Gjerde Myren

### **Tilsynsnemnd Lysløype**

Terje Nerhus  
Aksel Indreide

### **Rennavvikling**

Anne Gry Myklebust  
Jan Ole Fuglem

### **Nettside**

Jan Ole Fuglem

## **Sonekontakt**

Jan Ole Fuglem

## **Styrearbeid**

Styret har møter etter behov men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses fint ved behov. Det er avholdt to styremøte i løpet av året 2022

## **Representasjon**

Sesongen ( høsten) 2022 har Valldal il hatt løpere på kretslag, Storfjordlangerenn og team Nordfjord Tussa 22/23

Kretslag, Laurits Linge Glomnes, Elida Fuglem og Heine Fuglem har hospitert på to samlinger.

Storfjordlangrenn; Heine Fuglem, Vilja Fuglem, Tiril Magritt Myren, Hedda Myklebust Vestre, Jenny Vikene

Tema Nordfjord ( Styrn VGS) Eline Mathea Myren og Elida Fuglem

## **Aktive**

ca 25 aktive er på trening fast i topp sesong som er november - mars. Aldergruppe 1 - 10 klasse. I skiskyttargruppa er vi i alt 15 aktive fra 4 klasse og eldre. Tre aktive på juniorsida i skiskyting og en i langrenn. Fleire ivrige «birkebeinera».

**Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald** Det jobbes for å realisere nytt anlegg for Skiskyting og reservearena for langrenn. Dette arbeidet har fått stor og god oppslutning. Det er gjort mye arbeid på løyper og dei fremstår no som mye betre med tanke på dynamikk og tilførsel/innsig av vann. Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noe treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppa eig sju skiskyttervåpen og to skivekikkerter.

Vedlikehold trakkemaskin gjøres på dugnad. Vedlikehald lylsløype årlig ved behov.

## **Arrangement**

Laget arrangerte 4 cup renn i Storfjordcup, siste åra har vi inngårt fleire langrennscross renn og nullløp er godt etablert i Storfjordcupen. Ett sonerenn arrangert som langrennscross. SBM cup ble arrangert som fristilrenn med innlagt KM. Det ble avholdt noen treningsrenn i langrenn og 4 Valldalscuprenn i skiskyting inkludert VM. Valldalsmesterskapet ble avholdt som skifest i Valldal med tre løypevalg , 2,5 , 5 og 10 km i korte runder a 2,5 km. Valgfri stilart. ca 140 deltakere i strålende ver og god stemning.

## **Aktivitet, trening, konkurransar**

Det har også i sesongen 2022 vore høg aktivitet i laget. Restriksjoner ifbm Covid 19 har ført til litt endring i treninger og samlinger. Vi fikk gjennomført høstsamling/ miljøsamling som planlagt men den ble flytta til Dombås..

Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre fra skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrening/ rulleskileik. Barmarksperioden går fra høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrening i MLH ble gjennomført fra høstferien til vinterferien.

Tirsdager skitrening. Vi har hatt utetreninger gjennom høsten og vinteren. torsdager skiskyttetrening. Deltakere i utvalgte renn, fjarårets tall () .

Midt Norsk langrenn: 2 (0) løpere.  
Hovedlandsrenn langrenn 1 (0) løper.  
Midt Norsk Skiskyting 13 år og eldre 3 (6) løpere  
Hovedlandsrenn skiskyting 2 (0) løper,  
Junior NM Langrenn 1 løper  
Liatoppen skiskytterfestival 13  
Ungdomsbirken (1) deltakere  
Birkebeinerrennet 2  
NM rulleskiskyting 2 (1)  
Antall deltakere frå vil på SF cup ca 45 løpere frå VIL  
Antall startende i SBM cup 11 år og eldre 36

Resultat – Vi fikk seksmedaljer i Midt Norsk Mesterskap i skiskyting. 2 sølv og 4 gull. Gull Sprint K17 Elida Fuglem, Gull Normal K17 Elida Fuglem, Gull normal G15 Heine Fuglem. Gull Vilja J13 Normal, Sølv sprint G15 Heine Fuglem, Sølv sprint Vilja Fuglem J13.

Ungdoms NM, tre løpere deltok. Eline Mathea, Elida og Silje. Der hadde Valldal rent klubblag på kretsstafetten og ble beste rene klubblag og fikk ein fin plassering.

Sigve Fuglem fikk to 1. plasser på Liatoppen skiskytterfestival og Vilja Fuglem tok en 1.plass og en 3.plass.

#### Økonomi

Hovudtal	2018	2019	2020	2021	2022
Inntekter	313 972	304 703	220 878	240 175	175 559
Utgifter	273 270	367 089	141 381	290 912	241 429
					65 870

Ved årsavslutninga har gruppa inneståande i bank kr 32084,44 drift (181 018) (31.12.21) 611 276, 36 (anlegg) ( pr 31.12.2021 var det 727 946.-)

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.22 kortsliktig gjeld på kr 50 000.- til hovedlaget. langsiktig gjeld 0.- Gjeld frå hovedlaget til skigruppa 84 900.- Dvs at skigruppa har til gode 34 900.- hos hovedlaget.

"Verd å nemne" – Arbeidet med nytt skiskytteranlegg skrider frem og vi har i dag samlet inn 1 822 000.- kroner.